

10) Genlekkasje frå vårt vanlegaste husdyr – kva konsekvensar har det?

Det fins få undersøkingar av dei biologiske effektane av gentransport frå rømt til vill laks. Det er difor bruk for eksperimentelle studiar der ein samanliknar overleving, tilvekst og spesifikke eigenskapar hos familiegrupper av villaks, oppdrettslaks og ”hybridar” under naturlege tilhøve og i kontrollerte laboratorieforsøk.

Feltlokaliteten i Guddalselva med utvandringsfelle gir høve til gjennomføring av slike undersøkingar. Vill laks og rømt oppdrettslaks vart hausten 2002 nytta som stamfisk for å produsera 24 familiegrupper av vill og oppdretta laks, og ”hybridfamiliar”, dvs. familiar som er resultat av kryssingar mellom oppdrettslaks og vill laks. Familiene blir inkubert i Voss klekkeri fram til augerogn, då dei blir lagt ut i klekkedassar i elvegrusen i Guddalselva. Eit antal individ frå kvar familie blir overført til Matre havbruksstasjon for vidare samanliknande undersøkingar.

Det blir gjennomført sampling av yngel i elva med jamne mellomrom gjennom første leveår, deretter ved smoltutvandringa. Alle individ kan identifiserast til familie ved DNA markørar. Samstundes vert det gjort undersøkingar av predasjon på gruppene.



Figur 16. Vårt vanlegaste husdyr på veg opp i Guddalselva for å gyta. Kva konsekvensar har det at husdyreigenskapar blir overført til villbestandar?